

Korleis er Guds rike synleg i dag?

Nyttårsmøte, Frekhaug, 07.01.2017

Den tida som kjem har på ein måte begynt: **Heb 6:5** «...og har smaka Guds gode ord og kreftene frå den komande verda»

I Skrifta og trua finn vi mange paradoks.

Vi veit at Kristus alt no har kjøpt vår lækjedom:

- **1.Pet 2:24** «Han som bar syndene våre på lekamen sin opp på treet, så vi skal døy bort frå syndene og leva for rettferda. Ved hans sår har de vorte lækte».

Samtidig held vi fram med å stønne under byrden av sjukdom:

- **Rom 8:23** «Ja, ikkje berre det, men vi òg som har fått Anden som fyrstegrøde, vi òg sukker med oss sjølve, medan vi lengtar etter barnekåret vårt, utløysinga av lekamen vår».
- **2Kor 4:16** «Difor misser vi ikkje motet. Og endå om vårt ytre menneske går til grunne, så vert det indre fornya dag for dag».

I Skrifta og trua finn vi mange paradoks.

Vi har alt no gått over frå døden til livet:

- **1.Joh 3:14** «Vi veit at vi har gått over frå døden til livet, fordi vi elsker brørne. Den som ikkje elsker, vert verande i døden».

Men vi har framleis død:

- **1.Kor 15:26** «Den siste fienden som vert gjord til inkje, er døden».

I Skrifta og trua finn vi mange paradoks.

Vi har alt no Den heilage Ande som en forskotsbetaling på vår arv:

- **Ef 1:14** «...han som er pantet på arven vår, til dess utløysinga kjem for eigedomsfolket hans, til pris for Guds herlegdom».

Men krigen mellom kjøtt og ånd held fram kvar dag:

- **Gal 5:16-18** «¹⁶ Men eg seier: Ferdast i Anden! Så skal de ikkje fullføra lystene åt kjøttet. ¹⁷ For kjøttet trår imot Anden, og Anden imot kjøttet. Dei to står imot kvarandre, så de ikkje skal gjera som de vil. ¹⁸ Men dersom de vert drivne av Anden, då er de ikkje under lova».

I Skrifta og trua finn vi mange paradoks.

Vi er alt no blitt frikjende frå all syndeskuld i Kristus:

- **Rom 5:1** «Då vi no er rettferdiggjorde av tru, har vi fred med Gud ved vår Herre Jesus Kristus».

Men må kvar dag be om forlating for våre synder:

- **Matt 6:12** «Og forlat oss vår skuld, som vi òg forlèt våre skuldmenn».

I Skrifta og trua finn vi mange paradoks.

Vi har alt no vår statsborgarskap i Guds rike:

- **Fil 3:20** «Men vi har heimlandet vårt i himmelen. Derifrå ventar vi òg Herren Jesus Kristus som frelsar».

Men må framleis underordne oss herskarane i denne verda:

- **Rom 13:1** «Kvar og ein skal underordna seg dei styresmaktene som er sette over han. For det finst ikkje styresmakt utan av Gud, men dei som finst, er sette der av Gud».

Uttrykt med eitt ord: **Ef 1:3** «Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som har velsigna oss med all åndeleg velsigning i himmelen i Kristus».

Bibelen talar om indre og ytre motstand:

- **Apg 14:22** «Dei styrkte sjelene hjå læresveinane, formana dei til å halda fast på trua og sa: Vi lyt gå inn i Guds rike gjennom mange trengsler».
- **Matt 7:14** «For trong er den porten og smal er den vegen som fører til livet, og få er dei som finn han»
- **Mark 10:24** «Læresveinane vart forstøkte over orda hans. Men Jesus tok atter til orde og sa: Born, kor vanskeleg det er for dei som lit på rikdomen sin, å koma inn i Guds rike».

Det er Guds måte å gjøre oss "verdige for riket":

- **2.Tess 1:5** «Dette er eit varsel om Guds rettferdige dom. I den skal de finnast verdige til Guds rike, som de no lid for».

- Skrifta gjev **sterke løfte** om at truande kan gjere dei gjerningar som Jesus gjorde:
- **Joh 14:12** «Sanneleg, sanneleg seier eg dykk: Den som trur på meg, han skal òg gjera dei gjerningane eg gjer. Og han skal gjera større gjerningar enn desse, for eg går til Far min».
- **Men det vil alltid vere noko unikt ved Jesus.**
- **Joh 2:11** «Dette fyrste teiknet sitt gjorde Jesus i Kana i Galilea, og openberra herlegdomen sin. Og læresveinane hans trudde på han».
- **Joh 1:14** «Og Ordet vart kjøt og tok bustad hjå oss, og vi såg herlegdomen hans, ein herlegdom lik den ein einboren Son har frå Far sin, full av nåde og sanning».

Vi kan ikkje bryte den samanheng det er mellom teikn som Jesus gjorde og den utstråling han hadde av å vere Guds son.

- **Joh 5:36** «Men eg har det vitnemålet som er større enn det Johannes gav. For dei gjerningane som Far min gav meg å fullføra – sjølv gjerningane som eg gjer, vitnar om meg at Faderen har sendt meg».
- **Joh 11:25** «Jesus sa til henne: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr».
- **Joh 11:41f** «⁴¹ Dei tok då steinen ifrå. Jesus lyfte augo sine mot himmelen og sa: Far, eg takkar deg fordi du har høyrte meg. ⁴² For eg visste at du alltid høyrer meg, men på grunn av folket som står ikring meg, sa eg det, så dei skal tru at du har sendt meg».

Nokre verknader ved Kongeriket:

1. I forhold til fysiske og psykiske plager, og helbreding av dette

- **Luk 10:8-9** «⁸ Når de kjem inn i ein by og dei tek imot dykk, så kan de eta det som vert sett fram for dykk. ⁹ Læk dei sjuke i byen, og sei til dei: Guds rike er kome nær til dykk!»
- **Matt 4:23** «Jesus drog ikring i heile Galilea. Han lærde i synagogene deira, forkynte evangeliet om riket og lækte alle slag sjukdomar og plager hjå folket».

Nokre verknader ved Kongeriket:

2. I forhold til død og oppstandelse

- **Matt 10:7-8** «⁷ Når de går av stad, forkynn då: Himmelriket er kome nær! ⁸ Læk sjuke, vekk opp døde, gjer spedalske reine, driv ut vonde ånder! For inkje har de fått det, for inkje skal de gje det».

Nokre verknader ved Kongeriket:

3. I forhold til demonisk undertrykkelse og utfrielse

- **Luk 11:20** «Men er det ved Guds finger eg driv dei vonde åndene ut, då er Guds rike kome til dykk».
- **Matt 10:1** «Og han kalla til seg dei tolv læresveinane og gav dei makt over ureine ånder, så dei kunne driva dei ut, og til å lækja alle slag sjukdomar og plager.»

Nokre verknader ved Kongeriket:

4. I forhold til opprør og omvendelse

- **Matt 18:3** «Sanneleg seier eg dykk: Utan at de omvender dykk og vert som born, kjem de slett ikkje inn i himmelriket».
- **Matt 13:47-50** «⁴⁷ Atter er himmelriket likt ei not som vert kasta i sjøen og fangar fisk av alle slag. ⁴⁸ Når ho er full, dreg fiskarane henne opp på stranda. Dei set seg ned og samlar dei gode fiskane i kar, men kastar dei dårlege. ⁴⁹ Slik skal det gå til når enden på verda kjem. Englane skal gå ut og skilja dei vonde frå dei rettferdige, ⁵⁰ og kasta dei i eldomnen. Der skal dei gråta og skjera tenner».

Nokre verknader ved Kongeriket:

4. I forhold til opprør og omvendelse

- **Matt 13:24** «Han sette fram ei anna likning for dei og sa: Himmelriket kan liknast med ein mann som hadde sådd godt korn i åkeren sin»
- **Matt 13:38** «Åkeren er verda. Det gode kornet er dei som er born av riket. Ugraset er borna åt den vonde.»

Rikets barn kjem av Menneskesonen si gjerning:

- **Joh 6:44** «Ingen kan koma til meg utan at Faderen som har sendt meg, dreg han. Og eg skal reisa han opp på den siste dagen».
- **Joh 6:65** «Og han sa: Difor har eg sagt dykk at ingen kan koma til meg utan at det er gjeve han av Faderen».
- **Joh 15:16** «De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk, og sett dykk til å gå ut og bera frukt. Og frukta dykkar skal vara, så Faderen skal gje dykk alt de bed han om i mitt namn».
- **Joh 17:16** «Dei er ikkje av verda, liksom eg ikkje er av verda

Nokre verknader ved Kongeriket:

4. I forhold til opprør og omvendelse

Er du klar over kva for eit privilegium det er å få del i dette riket?

- **Luk 12:32** «Ottast ikkje, du vesle hjord! Far dykkar har med hugnad gjeve dykk riket».
- **Matt 13:11** «Han svara dei og sa: Fordi dykk er det gjeve å kjenna løyndomane om himmelriket, men dei er det ikkje gjeve».
- **Matt 16:17** «Jesus svara han og sa: Sæl er du, Simon, son av Jonas! For det er ikkje kjøt og blod som har openberra dette for deg, men Far min i himmelen.

Nokre verknader ved Kongeriket:

5. I forhold til fordøming og tilgjeving

- **Matt 21:31** «Kven av desse to gjorde det faren ville? Dei svarar: Den fyrste. Jesus seier til dei: Sanneleg seier eg dykk: Tollmenn og skjøkjer kjem før inn i Guds rike enn de».
- Full løn for alle (Matteus 20: 1-16)
- Alle invitert til bryllupsfest (Matteus 22: 1, 10)
- "Sæle er dei fattige i ånden» (Matteus 5: 3)
- Kvifor er det slik? Svaret er gitt i Matteus 18: 23-35: **Matt 18:23** «Difor er himmelriket å likna med ein konge som ville gjera opp rekneskapen med tenarane sine».

Nokre verknader ved Kongeriket:

6. I forhold til urett og rettferd

- **Matt 6:10** «Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen».
- **Rom 14:17** «Guds rike ligg då ikkje i mat eller drikke, men i rettferd og fred og glede i Den Heilage Ande».

Nokre verknader ved Kongeriket:

7. I forhold til sorg og glede

- **Rom 14:17** «Guds rike ligg då ikkje i mat eller drikke, men i rettferd og fred og glede i Den Heilage Ande».
- **Matt 5:10** «Sæle er dei som vert forfylgde for rettferd skuld, for himmelriket er deira».

Nokre verknader ved Kongeriket:

8. I forhold til meningslaus eller målretta teneste

- **Op 1:4-6** «⁴ Johannes, til dei sju kyrkjelydane i Asia: Nåde vere med dykk og fred frå han som er og som var og som kjem, og frå dei sju åndene som er framfor trona hans, ⁵ og frå Jesus Kristus, det truverdige vitnet, den fyrstefødde av dei døde og herskaren over kongane på jorda. Han som elsker oss og løyste oss frå syndene våre med sitt blod, ⁶ og som gjorde oss til eit kongerike, til prestar for Gud, sin far – han skal ha æra og makta i all æve. Amen».
- **1.Pet 2:9** «Men de er ei utvald ætt, eit kongeleg presteskap, eit heilagt folk, eit folk til eigedom, så de skal forkynna hans stordom, han som kalla dykk frå mørkret til sitt underfulle ljøs»,